



Martin Kåstad  
Vardalsvegen 88  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2629 - 23/22425

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
10.10.2023

## 137/71 og 137/91 Valestrand - Gjeld søknad om oppføring av tilbygg og påbygg til einebustad

Tiltak: Oppføring av tilbygg til og påbygg på einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 137/71  
Tiltakshavar: Martin Kåstad

Kommunen syner til søknad motteken 06.09.2023 med tillegg motteke 21.09.2023 og 10.10.2023.

Kommunen har teke ein ny gjennomgang av søknaden og vurderer at søknaden framleis har manglar. Dei mottekne teikningane syner at delar av tiltaket gjeld oppføring av påbygg i 2. etasje og endra tak. Ved endring av taket vil dette mellom anna medføre inngrep i berande takkonstruksjonar.

Det er krav om søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar, jf. plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav p og q.

Kommunen ber om at oppdatert søknad vert sendt inn samla innan 01.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Martin Kåstad	Vardalsvegen 88	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Victoria Mjelde Hanstveit	Vardalsvegen 88	5281	VALESTRANDSFOSSEN